

## NOTAT

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Fonna HF

**DATO:** 18.03.2016  
**FRÅ:** Administrerende direktør  
**SAKSHANDSAMAR:** Leif Terje Alvestad

**SAKA GJELD:** **Grønt sjukehus**

**ARKIVSAK:**  
**STYRESAK:** **011/16**

**STYREMØTE:** **04.04.2016**

### Administrerende direktør si orientering pkt. 3

---

I følge styringsdokumentet for 2011 skal Helse Fonna HF etablere eit miljøleing og miljøstyringssystem med påfølgjande sertifisering av styringssystemet etter ISO 14001-standarden.

«Grønt sjukehus» er spesialisthelsetjenesta sitt svar på miljø- og klimautfordringa.

### Prosjektet – Grønt sjukehus Helse Fonna HF

Prosjektet ble organisert med styringsgruppe og prosjektgruppe. Adm. dir. var prosjekteigar. Styrings- og prosjektgruppa var bredt samansett, inklusiv tillitsvalde og vernetenesta.

Alle einingar i føretaket gjennomførte ei miljøaspektkartlegging. Det innebar at ein kartla og målte dei miljø- og klimabelastningane som ein har i føretaket. Disse data danna grunnlaget for arbeidet med målsetting og handlingsplan knytt til tiltak for å betre føretakets negative påverknad på miljø og klima, og vil være ein del av den årlege gjennomgangen knytt til helse, miljø og sikkerheit.

Hausten 2015 ble føretaket revidert av Det Norske Veritas (DNV) i tråd med retningslinjene nedfelt i ISO14001:2004 standarden. DNV gjorde fleire observasjonar og registrerte nokon få avvik i høve til standarden. Det ble ultimo 2015 sendt ein skriftlig attermelding til DNV kor

føretaket gjorde greie for dei tiltak ein hadde setje i verk for å handtera dei registrerte observasjonane.

Den 10.02.16 fekk Helse Fonna informasjon om at DNV ville anbefale at føretaket blir sertifisert. Helse Fonna fekk sertifikatet primo mars 2016. Sertifikatomfanget er sjukehusdrift, diagnostikk og pasientbehandling.

I tida framover vil føretaket arbeide vidare med miljøarbeidet i samsvar med dei prosedyrar og rutinar som er utarbeidet. Sertifiseringsselskapet skal ha årlig revisjon av føretakets miljøarbeid.

I januar 2016 avslutta prosjektgruppa sitt arbeid og overleverte i februar 2016 ein slutt-rapport med tilrådingar for det vidare miljøarbeidet i føretaket.

### **Miljøleing i Helse Fonna HF**

Helse Fonna HF ønskjer å bidra til å redusere miljøbelastninga og rapporterer overordna på miljøpresentasjon i høve ISO 14001, Grøn stat (avfall, transport, energi, innkjøp) i tillegg til regnskapsloven og miljøinformasjonsloven sine krav.

Føretakets miljøindikatorar er eit utval data (nøkkeltall) som skal spegle rett informasjon om føretaket si målsetting om kontinuerleg forbetring og oppfølging av årleg miljøprestasjon. Dette gjer ein for å kunne vurdere kor gode eller dårlege ein er på dei viktigaste miljøområda og innsatsen er knytt til kontinuerleg forbetring. Ved å ha faste miljøindikatorar vil ein kvantifisere resultatane og syte for ei kontinuerleg rapportering på same grunnlag, år for år og ha eit samanlikningsgrunnlag med helseføretak.

Miljøindikatorane utgjer grunnlaget for årleg miljørapport og synleggjere framdrift og mål-opptåning i samband med valde mål og delmålsetting knytt til føretaket sine vesentlege miljøaspekt. Miljørapporten skal såleis bidra til å synleggjere at føretaket jobbar systematisk for å bidra til å redusere all form negativ belastning på ytre miljø i størst mogeleg grad.

### **Miljøpolitikk**

Helse Fonna HF skal vera blant dei fremste innan miljøvennleg drift av helseføretak.

Miljøstyringssystemet skal sikre at lover og forskrifter samt interne krav blir etterlevd i føretaket. Føretaket skal kontinuerlig arbeide for å betre sine miljøprestasjonar. Miljøaspektet skal prioriterast høgt både i drift, innkjøp og investeringar.

Helse Fonna HF skal til ei kvar tid ha fokus på sine miljøområder:

- Utslepp (luft, vatn og jord)
- Forbruk av ressursar (forbruksmateriale)
- Avfall (redusere avfallsmengde)

## **Miljømål**

Helse Fonna HF sine overordna miljømål er:

1. Redusere føretakets CO<sub>2</sub> utslipp
2. Auke av kjeldesortert avfall
3. Redusere ressursforbruket
4. Auke av økologiske matvarer
5. Førebygge utslepp gjennom avløp